

Det har vore ein gledeleg auke i antalet som støttar lag i Uskedalen gjennom grasrotandelen etter aksjonen med lappar i postkassane og det vi har skreve her på uskedalen.no.

Det er kome til heile 14 nye støttespelarar til lag i bygda.

Den største prosentvise auken har ungdomslaget hatt. Dei har dobla talet frå 4 til 8. Også dei andre laga har hatt ein fin auke.

Vil ein veta meir om oppslutnaden kan ein gå inn på https://www.norsk-tipping.no/grasrotandelen/grasrot_sok

Mange er nok ikkje klar over kor enkelt det er å registrera seg. Det er berre å sei frå til kommisjonæren.

Det er viktig at dette vert gjort før året er ute.

Det kostar ikkje spelarane noko.